

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

Møte i Representantskapet i NoMil

Møtet vart gjennomført digitalt den 25.10.24 kl. 11:00 – 12:30.

Representantskapet valde Bengt Solheim-Olsen samrøystes vald som møteleiar, som gjennomførte opprop.

Til saman møtte 12 av 16 representantskapsmedlemmar og var med det vedtaksføre.

Deltakarliste følgjer vedlagt.

* * *

SAK 08/24 GODKJENNING AV INNKALLING

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Innkalling og sakliste vert godkjent

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør med endring vart samrøystes vedtatt.

SAK 09/24 GODKJENNING AV SAKLISTE OG VAL AV TO TIL Å SKRIVE UNDER MØTEBOKA

Til å skrive under møteboka vart valde:

- Arnar Kvernevik
- Sonja Øvre-Flo

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Sakliste og val av to til å skrive under møteboka vert godkjent

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 10/24 BUDSJETT 2025

NoMil skal etter selskapsavtalen, og som basis for god økonomistyring, ha eit budsjett og ein økonomiplan. Desse skal utarbeidast av styret og vedtakast av representantskapet i NoMil. Desse skal danne grunnlag for fastsetting av renovasjonsgebyr for komande år, som skal endeleg vedtakast av kommunestyra i dei 5 eigarkommunane.

Budsjettet for 2025 vert lagt fram med eit overskot på 171.600,- tilsvarande 0,17% av samla omsetning.

Styret gjorde følgjande

INNSTILLING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til budsjett for 2025
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2025 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 11/24 ØKONOMIPLAN 2025 - 2028**GRUNNLAG FOR BUDSJETTARBEIDET:**

- Representantskapssak 10/24 Budsjett 2025

Økonomiplan 2025 - 2028

Det er utarbeidd ein overordna økonomiplan for 2025 - 2028, der 2025 er basisbudsjettet. Det er lagt inn ei generell inntekts og kostnadsauke på hhv. 3,25% i 2026, 3,10% i 2027 og 2,90% i 2028.

Vedlegg: -økonomiplan 2025-2028

Styret si

INNSTILLING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet Styret sitt framlegg til Økonomiplan 2025 - 2028

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 25/24 STRATEGIPLAN FOR NORDFJORD MILJØVERK IKS 2025 - 2028

Det vert med dette lagt fram forslag til revidert strategisk plan for NoMil.
Ny strategiplan erstattar gjeldande plan vedteken av styret i 2018 (sak 02/18).

Den nye planen definerer overordna mål og delmål som våre eigarar kan forholde seg til som mål for den kommunale avfallspolitikken.

Den administrative tilrådinga er som vedlagte Strategiplan 2025-2028 viser.
Styret avgjerd den vidare handsaming av planen.

Styret sitt

VEDTAK

Framlegg til strategiplan for åra 2025 - 2028 datert 01.01.2025 vart samrøystes vedteken.

* * *

Revidert strategiplan 2025 – 2025 vert lag fram for representantskapet til orientering.

Styret sitt framlegg til

VEDTAK

Representantskapet tek Strategiplan for Nordfjord Miljøverk IKS til vitande.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 13/24 ENDRING AV SELSKAPSAVTALE NOMIL

Bakgrunn

Selskapsavtale for Nordfjord Miljøverk IKS regulerer styringa av selskapet. Avtale regulerer mellom anna grenser for låneopptak og leasing-forpliktingar, eigar- og ansvarsdel og medlemmar i styrande organ.

Styret si

INNSTILLING

Styret innstiller ovanfor deltakarkommunane endring i §1 t.o.m. §7, §13 og §30 i framlegg til revidert selskapsavtale.

* * *

Styret si

INNSTILLING

Styret innstiller ovanfor representantskapet endring i §8 t.o.m. §12, §14 t.o.m. §29 og §31 i framlegg til revidert selskapsavtale.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 14/24 RENOVASJONGEBYR FOR 2025

Gebyrforskrifta for 2025 er ei vidareføring av gjeldande gebyrforskrift. Auka gebyr er berekna ut frå budsjett for 2025 med følgjande prosentsats:

- **3,75 % Samla auke i gebyrsatsane**

Styret vedtek betalingsordning for levering av avfall til gjenbruksstasjonane og til Eidsmona sentralmottak som eiga sak. Denne betalingsordninga er ikkje omfatta av denne gebyrforskrifta.

Styret gjorde deretter følgjande

INNSTILING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2025 med ein auke på 3,75 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

* * *

Framlegg til renovasjonsgebyr for 2025 vert lag fram for representantskapet til orientering.

Styret sitt framlegg til

VEDTAK

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS tek representantskapet styret sitt framlegg til renovasjonsgebyr for 2025 til vitande.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 15/24 SLAMGEBYR FOR 2025

Ulike kommunale slamgebyr fram til 2023 og nye einingsprisane i ny kontrakt førte til like gebyr frå og med 2024. I 2024 vart årsgebyra i Bremanger, Stad og Gloppen harmonisert.

- **Gebyra for 2025 blir justert for ordinær prisstigning med 2,0%.**

Styret si

INNSTILING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2025 med ein auke på 2,0 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

* * *

Framlegg til slamgebyr for 2025 vert lag fram for representantskapet til orientering.

Styret sitt framlegg til

VEDTAK

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS tek representantskapet styret sitt framlegg til slamgebyr for 2025 til vitande.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå styret vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--


Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

SAK 16/24 ORIENTERINGSSAKER

Status frávær og personale

Samla sjukefráværet i 2023 var 5,08 %.

Fráværet i januar-august 2024 vart 6,6% med slik fordeling:



Samla frávær og type frávær pr 31.08.2024 har siste året er nesten dobla.

Langtidsfráværet har samanlikna med fyrste tertial blitt redusert frå 93 % til 88 % av det samla fráværet.

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær i perioden.

Status drift

Høgt langtidsfrávær har ført til auka belastning både på driftspersonell og administrative ressursar. Ny HR/HMS ressurs starta i stillinga 1. februar, og har tilført verksemda auka administrativ kapasitet og kompetanse innan personalarbeidet.

I slutten av august er ny økonomileiar på plass, og frå månadsskifte september/oktober vil økonomimedarbeidar delvis vere tilbake i arbeid.

Ein person er engasjert på timebasis for å hjelpe til med farleg avfall og utarbeiding av rapportar/avfallsstatistikk som erstatning for miljørådgjevar som har vore delvis/heilt sjukmeldt i eit år.

Sign. :

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

Hytte og fritidsrenovasjon Stryn

Dagens ordning har vist seg å fungerer dårleg, ikkje minst grunna omfattande utleigeaktivitet spesielt i sommarperioden.

Kommunen og NoMil har drøfta alternative løysningar, der eit alternativ er å sette opp ein rub-hall / lagerbygg nedanfor hyttefeltet med plass til våre containerar med tilgangskontroll og kameraovervaking.

Meirkostnad kan kommunen gjere vedtak om å belaste hytteabonnentane i området. Dette må gjerast i samband med handsaming av gebyrforskrift.

Utgreiing framtidig struktur på gjenbruksstasjonar i Nordfjord

NoMil har etter møte med Stad kommune starta arbeidet med å utgreie eit kunnskapsgrunnlag for plassering av gjenbruksstasjonar i Nordfjord .

- Gjenbruksstasjon på Haugen er drifta av MyRø Inverst AS ut 2028.
- Stasjonen i Selje er drifta av NoMil i samarbeid med kommunen.

I Stryn kommune har NoMil driftsavtale med Tenden Miljø AS til hausten 2027.

NoMil har kartlagt aktuelle lokasjonar i området rundt Stryn sentrum saman med kommunen.

NoMil bør i løpet av komande halvår vurdere korleis gjenbruksstasjonen i Stryn skal driftast frå og med 2028.

Førespurnad frå Bremanger kommune om midlertidig stasjon i Svelgen

Opprinneleg plan om etablering av ny gjenbruksstasjon på Nygård i nord for Rugsund har fått motsegn frå Statsforvaltar og Vestland fylke.

NoMil har no fått førespurnad frå kommunen om å etablere ein midlertidig gjenbruksstasjon på Ytrehus rundt 13 kilometer sør-vest for Svelgen.

Før vi går vidare, har vi informert kommunen om behov for praktiske avklaringar, og avventar tilbakemelding frå kommunen om vegen vidare.

Anbod restavfall og rammeavtale avfallsbeholdarar

Norsk Råvare AS er vald som ny leverandør gjeldande frå 15. april 2024.

Vår tidlegare leverandør Geminor AS har bedt KOFA vurdere tildeling av oppdraget. Geminor har akseptert vedtak i saka, og eksisterande avtale er derfor gjeldande.

NoMil og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS har inngått ei felle 4. års rammeavtale på kjøp av inntil 15.000 avfallsbeholdarar. Hovudmengda er standard 140 dunkar som vi tidlegare betalte 376,- kostar no 314,- noko som er ei innsparing på 16,5%.

VLFK Prosjekt «Grøn region vestland» - Biohub Gloppen

NoMil sitt eigarskap og engasjement i prosjektet Grøn Region Vestland har vore viktig for å finne løysingar som gjer at vi kan nå målsetjingar vedteke i vår strategiplan om kortreist og miljøvenleg avfallshandtering.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 25.10.2024

NoMil har engasjert Gloppen Næringsorganisasjon og Kunnskapsparken til å følge opp prosjektet fram til september/oktober som er frist for sluttrapportering til VLFK - Grøn Region Vestland. Behov for avklaring knytt til overordna prosjektansvaret, eigarskap/organisering for det vidare arbeidet.

Innsamling av tekstil

Samfunnsbedriftene Avfall og Ressurs oppfordrar kommunane om å innføre ei enkel ordning til det er etablert mottaksløysingar for tekstilavfallet.

NoMil planlegg å sette ut containerar merka tekstilavfall på gjenbruksstasjonane, men ikkje ta dei i bruk før nedstrømsløysingar er etablert. Vil følgje med på utviklinga slik at den nye ordninga blir teke i bruk når avfallet kan gjenvinnast.

NoMil har avtale med Fretex om mottak av tekstil til ombruk, dei arbeider no med etablering av betre finsortering av tekstil for å minimere at tekstil går til forbrenning.

Revisjon av forskrifter

- *Standardforskrift for hushaldningsavfall*
- *Standardforskrift for slamavskiljarar tette tankar og minireinseanlegg*

Begge forskriftene har vore ute på høyring, og styret i NoMil har samrøystes innstilt eigarkommunane å vedta framlegg til reviderte forskrifter.

Begge dei reviderte føreskriftene følgjer vedlagt til representantskapet si orientering.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Representantskapet tek orienteringane til vitande.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Deltakere

NORDFJORD MILJØVERK IKS 977549833 Norge

Signert med E-signere

Inge Bent Arnestad
post@nomil.no

2024-10-25 10:57:56 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 62.50.166.214

ARNAR KVERNEVIK Norge

Signert med E-signere

Arnar Kvernevik
arnar.kvernevik@gloppen.kommune.no

2024-10-25 11:46:53 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 185.174.84.109

SONJA ØVRE-FLO Norge

Signert med E-signere

Sonja Øvre-Flo
sonja@flogardsmat.no

2024-10-25 13:49:56 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 89.8.223.211